



Gro Borgund

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/261 - 17/3571

Saksbehandlar:

Rolf Raknes

rolf.raknes@radoy.kommune.no

Dato:

21.03.2017

Delingssak Gbnr 77/68 Solheim vestre - delingssak - ny grunneigedom bustader

Delegasjonssak nr.:

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar:

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

Tiltak


Saka gjeld søknad om deling frå Gnr/Bnr 77/68 for eit areal regulert til til 5 nye bustadtomtar.

Det vert elles vist til søknad motteken 02.02.2017 .

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Olsvollstranda PlanID 12602014000600 er definert som bustad, veg og oppholdsareal .

Tillate grad av utnytting etter gjeldande plan er 30 % BYA.



Rekkefølgekav i plan:

2.3.1 Det skal utarbeidast VA-rammeplan som skal godkjennast av Radøy kommune før det kan gjevast løyve til tiltak innanfor planområdet.

2.3.2 I område brattare enn 27 grader skal det gjennomførast geologiske undersøkingar før det kan gjevast løyve til tiltak.

2.3.3 Der det er aktuelt å gjennomføre støyskjermande tiltak, skal desse vere ferdigstilt før bruksløyve/ferdigattest vert gjeve.

2.3.5 Nye interne tilkomstveger og tilhøyrande fortau, frå eksisterande tilkomstveg og fram til og med avkøyrsløye til det aktuelle føresegnsområdet, skal vere ferdigstilt i tråd med gjeldande plankart før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest for tiltak innanfor føresegnsområdet.

2.3.6 Utsleppsløyve etter gjeldande regelverk skal vere godkjent før det vert gjeve løyve til oppføring av bygning med innlagt vatn.

2.3.8 Før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest til BF01 og BF02 skal f_LP01 vere ferdig opparbeidd med minst 2 leikeapparat samt bord og benker

4.1.3 Tilkomstveg til bustader, f_KV11 skal opparbeidast med 3 meter breidde og i høve til gjeldande krav. f_KV 11 kan knyttast til kommunal veg ved BF02 som vist i plankartet og/eller i sørvet ved BF01.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.


Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan vedlagt søknaden.



Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentleg vassverk.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Avkjørsle til offentleg veg følger av godkjent reguleringsplan.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Utanom rekkjefølgjekravet i føresegnene ,

2.3.2 I område brattare enn 27 grader skal det gjennomførast geologiske undersøkingar før det kan gjevast løyve til tiltak, vurderer kommunen at det er liten fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak.

VURDERING:

Plassering

Deling vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Nabomerknad

Det føreligg ingen merknader til delinga.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Det vert gjeve løyve til deling av ny grunneigedom frå Gnr/Bnr 77/68, slik det er beskrive i søknad av 02.02.2017 (sitplan)

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i Plan og bygningslova § 20-1 d m og naturmangfaldslova §§ 8-12, samt matrikkellova § 33

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage på vedtak

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast saksomål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, j.fr forvaltningslova § 27b.

Dersom det ikkje vert klaga på vedtaket vert saka sendt til oppmålingsavdelinga i kommunen som tek kontakt for oppmålingsforretning.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.3	Deling som er i samsvar med arealføremål	1	2200
	Totalt gebyr å betala		2200

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt arealplanleggjar Rolf Raknes.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Rolf Raknes
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Oppmåling - Teknisk forvaltning
Radøy kommune

Mottakere:

Gro Borgund